



NVE

Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo
Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen <input checked="" type="checkbox"/> Ja

Personopplysninger
Navn ARVE HAGEN
Kontaktinformasjon
Er søker et selskap under stiftelse? <input type="checkbox"/> Søker er et selskap under stiftelse
Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 202320330	Sakstittel Røldal-Suldal - Opprustning og Utvidelse av kraftverk

Høringsuttalelse
<p>Høringsuttalelse</p> <p>Denne søknaden kan berre kasserast. Høyrer ikkje heime i dagens lys. Kva er i heileteke poenget med å gå ned på netto kraftproduksjon, samstundes som ein raserar norsk natur endå meir?</p> <p>I det moderne samfunn ville det vere naturleg å tenkje at miljøet er ein alvorleg viktig faktor når du skal til med store utbyggingar, og like viktig at det har samfunnsøkonomisk nytte. Skal ein gjere beslag på fellesskapets ressureser, så bør produktet av aktiviteten tene fellesskapet i andre enden også, men denne søknaden ber ikkje preg av slike menneskelige verdier. Kun verdier til seg sjølv i form av uendelig tilgang på pengar.</p> <p>Pumpekraftverk inneber at det må var ei temmelig høg differanse mellom høgaste og lågaste utsalspris, slik at det vert lønnsamt for produsent å byggje. Dette krever naturlegvis meir energi og gjeng på bekostning av oss forbrukerar; industri, hus og heim - i form av mindre effekt til oss.</p> <p>Ein må også rote inn energi på marknaden som kan gi eit enormt øveskot av energi slik at prisen vert låg for alle som treng det. Det er oss alle, kvar og ein. Dette vert kalla vindkraft, og eller solkraft i våre tilfeller, heilt ubrukeleg og svindyrt. Men når denne krafta vert generert i store mengder, og må nyttast med det same, kan pumpekraftverka nytte dette til å fylle magasinane sine med vatn til ei billeg penge. Det kan ikkje eg og du, då me må forholde oss til nettleiga som er basert på kapasitetsledd. Dette inneber at me må nytte jamnt lite energi heile månaden.</p> <p>Nyttar me eksempelvis så mykje straum me greier i 3 timar på -70 øre, vil dette kunne gjere at kvar kilowattime same månad, vert 100 øre dyrare. Altså å lure seg sjølv.</p>

Attpåtil må de byggjast nye overdimensjonerte statlige kraftlinjer for å kople seg skikkelig på kraftbørsen. Dette for at pumpekraftverk skal forbruke mykje på kort tid, og generere mykje på kort tid, helst til eksport til utlandet. Her må det då også nødvendigvis nye, overdimensjonerte kraftoverføringslinjer. Desse er statlig eigde, og då er det me som betaler for dette, i blant anna høgare nettleige.

Så ein kan sei at det ikkje er så "store" endringar i naturen og lokalt, men jo, det er det. Og endå verre enn det. Kraftigare erosjonelle skader i berørte vassdrag for både fisk, dyr og landskap. Store områder må lage plass til koplingsanlegg og nye kraftgater osv.

Så bak pumpekraftverk ligg det alvorligt mykje meir rasering av landskap, natur og økonomi enn det ofte vert lagt fram som.

Så håper denne utbyggjinga som er søkt om, ikkje vert noko av.

Arve

26 år

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

Vedlegg bilder